

No kjem ein vals

Tekst:
Johannes
Kleppevik

Melodi:
Johannes
Kleppevik

Johannes Kleppevik (f. 1947) er en trubadur fra Bergen som har skapt en rekke viser med motiver i slekt med Evert Taubes utferds-trang.

Eg hei-ter Jens og er sjø - mann Sku-ta ho kom inn i
går Me kjem frå var-ma-re stren - der
Der er det solskin og vår No kjem ein vals
Den vil eg ha med deg Kom lat oss dan-sa til
trekk-spel - mu - sik - ken Til so - la går ned

Du var'kje fødd då eg mønstra
ut første gong, femten år.
Skuta sitt namn, det var «Rita».
Reisa gjekk til Singapore.

Refr.:
No kjem ein... *osu.*

Aldri eg kan gløyme Rio,
då eg var på karneval.
Du skulle sett då dei dansa,
tok seg så lystig ein trall.

Refr.:
No kjem ein... *osu.*

Eg har reist kringom i verda,
sett mykje gjævt på min veg.
Men no i kveld først eg skjønar
draumen på havet var deg.

Refr.:
No kjem ein... *osu.*